Landstabell 4.7 syner utviklinga i inntektskillnader mellom barnehusald. Av småbarnsfamiliane har alle, med unntak av firedelen med lågast inntekt, fått auka inntekt i forhold til gjennomsnittet for alle husald frå 1986 til 1994. Ein kan gå ut frå at ein stor del av husald med einslege forsørgjarar ligg i første kvartil, medan det vil vere få av desse i fjerde kvartil. Tabellen syner at den dårlegast stilte firedelen hadde ei gen-

Figur 4.2. Prosentdel utan yrkesinntekt og prosentdel med minst 25 000 kroner i yrkesinntekt blant 16-, 17-, 18- og 19-åringar. 1994



Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkinga 1994, SSB/NOU 1996:13.

nomsnittleg inntekt som svarte til 56 prosent av snittet for alle husald i 1994, mot 57 prosent i 1986. Resten av småbarnsfamiliane hadde i snitt forbetra sine inntekter relativt til gjennomsnittet for alle husald.

4.7. Gjennomsnittleg inntekt etter skatt rekna pr. forbrukseining i kvartilgrupper¹ for barnefamiljar. Gjennomsnittleg inntekt for alle hushald = 100. Gini-koeffisient.² 1986, 1990 og 1994

| | 1986 | 1990 | 1994 |
|---------------------------|-------|-------|-------|
| Småbarnsfamiljar | | | |
| 1. kvartil | 57 | 56 | 56 |
| 2. kvartil | 76 | 79 | 83 |
| 3. kvartil | 94 | 97 | 101 |
| 4. kvartil | 139 | 145 | 146 |
| Gini-koeffisient | 0,201 | 0,214 | 0,210 |
| Skolebarnsfamiljar | | | |
| 1. kvartil | 69 | 67 | 66 |
| 2. kvartil | 91 | 89 | 91 |
| 3. kvartil | 109 | 107 | 111 |
| 4. kvartil | 157 | 159 | 175 |
| Gini-koeffisient | 0,184 | 0,197 | 0,223 |

¹ Kvartilane omfattar den fire delen av småbarnsfamiliane/skolebarnsfamiliane som har høvesvis lågast (1. kvartil), nest lågast (2. kvartil), nest høgast (3. kvartil) og høgast (4. kvartil) inntekt etter skatt pr. forbrukseining.

² Gini-koeffisienten er eit mål på den samla inntektsskilnaden i kvar av gruppene. Den varierer mellom 0 og 1. Dess høgare Gini-koeffisient, dess større skilnad.

Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkingane for hushald, SSB/NOU 1996:13.

Medlemmene i eit hushald utgjer ei forbrukseining. Ved bruk av omgrepet forbrukseining tek ein omsyn til stordriftsfordelar og at barn treng mindre enn vaksne. I tabell 4.7 er OECD-skalaen brukt: Ein vaksen har vekta 1,0, neste vaksne person i hushaldet har vekta 0,7, og barn (under 17 år) har vekta 0,5. Ein familie med to vaksne og to barn treng 2,7 gonger inntekta til ein einsleg person for å ha tilnærma same materielle levekår. Ein einsleg forsørgjar med eitt barn treng 1,5 gonger inntekta til ein einsleg. Til dømes: Om ein einsleg har ei inntekt på 100 000 kroner, så treng den einslege forsørgjaren 150 000 og parfamilien 270 000 kroner for å få same materielle kår.

Val av ein annan ekvivalensskala kan gje andre resultat. I tabell 4.8 er stordriftfordelane rekna som noko større.

For familiar med *skolebarn* var gjennomsnittsinntekta etter skatt ganske stabil, utan i 4. kvartil der det er ein klar auke frå 1990 til 1994. Den dårlegast stilte fire delen hadde ei gjennomsnittleg inntekt som svarte til 66 prosent av snittet for hushald i 1994, mot 69 prosent i 1986. Samstundes ser ein at spreinga i inntekt er blitt større for skolebarnsfamiliane (sjå Gini-koeffisienten); mao. er skilnadene blitt større.

Småbarnsfamiljar er her familiar der det yngste barnet er under 7 år. Skolebarnsfamiljar er familiar der det yngste barnet er 7-17 år. Her er det ikkje noko skille mellom par med barn og einslege forsørgjarar (med barn).

4.8. Gjennomsnittleg kontantinntekt etter skatt pr. forbrukseining i desilar¹ for hushald med barn, gruppert etter talet på barn. $\theta=0,5$. 1996. Kroner

| Desilar | Hushald med eitt barn | Hushald med to barn | Hushald med tre eller fleire barn |
|--------------------|-----------------------|---------------------|-----------------------------------|
| 1 | 81 914 | 81 274 | 86 636 |
| 2 | 114 186 | 121 914 | 111 771 |
| 3 | 135 007 | 139 952 | 120 333 |
| 4 | 151 227 | 150 124 | 132 372 |
| 5 | 166 242 | 162 085 | 142 899 |
| 6 | 181 753 | 173 591 | 153 119 |
| 7 | 196 914 | 188 209 | 163 200 |
| 8 | 214 406 | 202 799 | 175 266 |
| 9 | 239 757 | 224 276 | 195 701 |
| 10 | 367 941 | 334 477 | 257 563 |
| Gjennomsnitt | 184 933 | 177 870 | 153 886 |

¹ Desilane omfattar den tidelen av hushalda med barn som har høvesvis lågast (1. desil), nest lågast (2. desil) og oppetter til høgast (10. desil) kontantinntekt etter skatt pr. forbrukseining.

Kjelde: Skattemodellen LOTTE, SSB/NOU 1996:13.

Tabell 4.8 syner inntektsskilnader i barnehushald i Noreg. Hushald med eitt barn hadde i snitt høgare inntekt pr. forbrukseining enn hushald med to eller fleire barn. Frå barna sin synsvinkel er det altså ikkje økonomisk fordelaktig å få sysken. Materielt sett har einebarn det best.

Skilnadene mellom 1. og 10. desil syner at det var større innbyrdes skilnader i gjennomsnittsinntekt for hushald med eitt barn enn for hushald med to eller fleire barn. Skilnaden var minst for hushald med tre eller fleire barn. Grunnen til dette er truleg ein større prosentdel einslege forsørgjarar i gruppa med berre eitt barn enn i dei andre gruppene.

Barn med gifte foreldre har familieinntekter over 300 000

Dei fem nordlegaste fylka, samt Sogn og Fjordane, hadde høgast prosentdel *ektepar med to barn 0-16 år* der begge var yrkestilknytt (heil- og/eller deltid). Lågast låg Vest-Agder, der 65 prosent av ektepar med to barn 0-16 år hadde begge foreldra ute i arbeidslivet. Oslo skilde seg ut med så mykje som 6 prosent foreldrepar utan yrkestilknytting (*Samfunnsspeilet 1/97*, SSB).

40 prosent av ektepara med to barn under 17 år hadde ei inntekt etter skatt på mellom 300 og 400 000 kroner i Noreg i 1994. Dette kan lesast ut av tabell 4.10. Inntekter mellom 200 000 og 300 000 kroner var òg ganske vanleg, om lag ein tredel av ektepara låg på dette inntektstrinnet. Det var få som hadde ei årleg inntekt etter skatt over 500 000 kroner, i alle fall medan dei

Ein person er yrkestilknytt dersom yrkesinntekta, dvs. summen av næringsinntekt og lønsinntekt, overstig minstepensjonen til einslege i folketrygda.

4.9. Talet på ektepar med to barn under 17 år fordelt på ulike inntektstrinn, etter fylke. 1994. Prosent



| | Inntekt etter skatt (1 000 kroner) | | | | | |
|---------------------|------------------------------------|------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| | Alle | -199 | 200-299 | 300-399 | 400-499 | 500- |
| Landet | 100,0 | 7,5 | 34,6 | 40,0 | 12,2 | 5,7 |
| Østfold | 100,0 | 8,2 | 42,1 | 38,3 | 8,1 | 3,3 |
| Akershus | 100,0 | 5,0 | 25,1 | 40,1 | 19,8 | 10,0 |
| Oslo | 100,0 | 11,3 | 22,0 | 33,5 | 19,3 | 13,9 |
| Hedmark | 100,0 | 9,8 | 43,1 | 37,3 | 7,2 | 2,6 |
| Oppland | 100,0 | 10,5 | 43,3 | 35,8 | 7,8 | 2,7 |
| Buskerud | 100,0 | 7,8 | 35,6 | 40,7 | 11,2 | 4,7 |
| Vestfold | 100,0 | 6,1 | 38,2 | 40,0 | 11,1 | 4,5 |
| Telemark | 100,0 | 8,1 | 41,1 | 39,3 | 8,3 | 3,3 |
| Aust-Agder | 100,0 | 8,7 | 45,4 | 36,9 | 6,7 | 2,3 |
| Vest-Agder | 100,0 | 8,7 | 44,7 | 36,7 | 7,0 | 3,1 |
| Rogaland | 100,0 | 5,8 | 32,3 | 40,1 | 13,6 | 8,1 |
| Hordaland | 100,0 | 6,3 | 35,3 | 42,0 | 11,8 | 4,6 |
| Sogn og Fjordane | 100,0 | 7,0 | 39,5 | 43,4 | 7,7 | 2,4 |
| Møre og Romsdal | 100,0 | 7,2 | 39,8 | 41,7 | 8,4 | 2,9 |
| Sør-Trøndelag | 100,0 | 7,5 | 33,8 | 42,4 | 12,2 | 4,1 |
| Nord-Trøndelag . | 100,0 | 7,6 | 42,9 | 40,2 | 7,1 | 2,3 |
| Nordland | 100,0 | 7,4 | 33,3 | 47,8 | 8,9 | 2,7 |
| Troms | 100,0 | 6,7 | 30,7 | 47,9 | 11,6 | 3,1 |
| Finnmark | 100,0 | 5,3 | 23,2 | 49,0 | 16,7 | 6,0 |

Kjelde: Samfunnsspeilet 1/97, SSB.

hadde to barn under 17 år. Oslo og Akershus, fulgt av Rogaland hadde flest med så høge inntekter.

I sju fylke hadde den største prosentdelen av ektepara med to barn 0-16 år ei inntekt på 200 000 til 300 000 kroner, medan i resten av fylka hadde den største delen ei inntekt etter skatt som låg opptil 100 000 kroner over dette. I dei tre nordlegaste fylka hadde opp mot 50 prosent av ektepara med to barn ei inntekt etter skatt på mellom 300 000 og 400 000 kroner. Oslo hadde både den største prosentdelen ektepar med over


4.10. Utvikling i total forbruksutgift pr. forbrukseining i ulike hushaldsgrupper i faste prisar. 1980/82, 1986/88, 1989/91 og 1992/94. Indeks 1980/82 = 100



| | 1980/82 | 1986/88 | 1989/91 | 1992/94 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| Alle | 100 | 132 | 131 | 139 |
| Par med barn, yngste barn 0-6 år | 100 | 132 | 132 | 136 |
| Par med barn, yngste barn 7-19 år | 100 | 128 | 123 | 124 |
| Einslege forsørgjarar | 100 | 132 | 135 | 134 |
| Einslege 16-44 år | 100 | 135 | 127 | 125 |
| Einslege 45-64 år | 100 | 136 | 115 | 148 |
| Einslege 65-85 år | 100 | 126 | 134 | 146 |
| Par utan barn, hovudperson 16-44 år | 100 | 128 | 124 | 107 |
| Par utan barn, hovudperson 45-64 år | 100 | 135 | 140 | 144 |
| Par utan barn, hovudperson 65-85 år | 100 | 132 | 138 | 145 |

Kjelde: Forbruksundersøkingane, SSB/NOU 1996:13.

Figur 4.3. Utviklinga i total forbruksutgift pr. forbrukseining for nokre hushaldstypar i faste prisar. 1980/82, 1986/88, 1989/91 og 1992/94. Indeks 1980/82=100



Kjelde: Forbruksundersøkingane, SSB/NOU 1996:13.

500 000 kroner i inntekt etter skatt og den største prosentdelen med ei inntekt etter skatt på under 200 000 kroner i året.

Auke i forbruket

Forbruket har auka for alle typar av norske hushald dei siste 15-20 åra, men endringa var særleg stor frå 1980/82 til 1986/88 (sjå tabell 4.10). Dei totale forbruksutgiftene til dei ulike hushalda steig likt med "alle" i den første perioden, sidan har dei halde seg stabile for dei fleste hushalda. Når det gjeld par med barn der det yngste barnet var 0-6 år, har forbruket vore ganske stabilt frå 1986/88 til 1992/94. Par med barn der det yngste barnet var mellom 7 og 19 år, hadde som dei andre hushalda ein auke i forbruksutgifter pr. forbrukseining rundt midten av 1980-talet, men forbruket i faste prisar har sidan gått noko ned.

Budsjettet speglar utgifter ved eit rimeleg forbruksnivå med nøkternt vareutval med kontant betaling. Buutgifter og feriar er blant dei utgiftene som ikkje er medrekna her. Budsjettet er berre eigna til å rekne ut dei totale kostnadene for hushald med minst ein vaksen person. Ein får eit uttrykk for hushaldet sine forbruksutgifter og ikkje utgifter for einskildpersonar, som til dømes barn.

Sjå i *Standardbudsjett for forbruksutgifter 97* frå Statens institutt for forbruksforskning for meir informasjon om ulike kriterium som er nytta i budsjettet.

4.11. Budsjett for kjernefamilien Lars, Kari, mor og far Nordmann


| | Kroner |
|---|----------------|
| Mat og drikke | 4 400 |
| Klær og sko | 2 080 |
| Helse og hygiene | 850 |
| Leik og fritid | 1 620 |
| Til saman | 8 950 |
| - 20 prosent «stordriftseffekt» | 1 790 |
| Til saman | 7 160 |
| Reise | 920 |
| Andre daglegvarer | 340 |
| Hushaldsartiklar | 370 |
| Møblar | 430 |
| Telefon, mediebruk | 970 |
| Bilkostnader | 1 730 |
| Til saman | 4 760 |
| Utgifter pr. måned | 11 920 |
| Utgifter pr. år | 143 040 |
| Barnehage i 11 månader ¹ | 33 550 |
| Korreksjon for mat 1 måned ² | 277 |
| Totale «utgifter» (avrunda) | 176 870 |

¹ SIFO har som føresetnad at Lars er i barnehage og har rekna utgiftene etter ei inntekt over kr 220 000.

² «Matpengar» til barnehagen blei trekte frå ved berekning av budsjettposten «Mat og drikke» for alle året sine 12 månader. Derfor må matutgiftene korrigerast for feriemånaden.

Kjelde: Statens institutt for forbruksforskning, 1997.

Forbruksbudsjett for barnefamilier

Tabell 4.11 er eit døme på forbruksbudsjett for familien Nordmann. Familien Nordmann omfattar mor, far, Kari på 11 og Lars på 5 år. Lars er i barnehage. For kvart forbruksområde er individspesifikke utgifter for kvar person (kjønns- og aldersregulert) lagde saman. T.d.: Mat og drikke til Lars 673 kroner (950 - 277 kroner for mat i barnehagen), til Kari 1 110, til mor 1 120 og til far 1 500, til saman 4 403 kroner.

Med utgifter på om lag 12 000 kroner i månaden kjem familien Nordmann opp i eit årleg forbruk på 143 000 kroner for hushaldet. Utgifter til barnehage kjem i tillegg, slik at samla forbruksutgifter pr. år er nesten 177 000 kroner.

Mat og drikke er den største utgiftsposten. Deretter følgjer barnehage, med 19 prosent av årstotalen. Klær og sko stod for om lag like mykje som bilkostnadene av forbruket.

5. Barn og unge i barnevernet

Besøksheim, støttekontakt, fosterheim og/eller barnehageplass var dei barneverntiltaka som oftast vart nytta i Hedmark pr. 31. desember 1996. I alt var det 26 barn med hjelpe- eller omsorgstiltak pr. 1 000 barn 0-17 år i fylket. Samstundes disponerte fylket 0,8 plassar i barneverninstitusjonar, pr. 1 000 barn 0-17 år.

Statistikken om økonomisk sosialhjelp og barnevern byggjer på individoppgåver om den einskilde mottakar. Det blir òg samla inn data om talet på årsverk, institusjonar og tal frå kommunerekneskapane.

Ny sosiallov - lov om sosiale tjenester og ny barnevernlov (BVL) - lov om barneverntjenester trådte i kraft frå 1. januar 1993. Lovendringane og følgjande endringar i registreringssystema gjer at tal før og etter 1992 ikkje direkte kan samanliknast.

BVL omfattar personar under 20 år. Barneverntenesta er ei kommunal oppgåve. Fylkeskommunen har ansvar for planlegging og drift av barneverninstitusjonane, sjølv om eigarforholda varierer.

Sjå NOS Sosialstatistikk for fleire opplysingar. Når det gjeld barnevern, blir det av omsyn til personvernet ikkje gjeve tabellar på kommunenivå som inneheld kjennemerker som stadfestar alder, kjønn, familiesituasjon mv. til klienten.

Tala er dels landstal, dels fylkestal og dels kommunetal. Regionalt nivå står i tabelltittelen.

2 prosent med barneverntiltak på landsbasis

Tabell 5.1 syner at 2 prosent av alle barn i alderen 0 til og med 17 år i Noreg hadde tiltak frå barnevernet 31. desember 1996. Flest barn med barneverntiltak hadde


Østfold og Hedmark, med 26,3 av 1 000 barn 0-17 år. Sogn og Fjordane låg lågast i 1996, med 15,2 av 1 000 barn 0-17 år.

5.1. Barn med barneverntiltak 31. desember, etter tiltak. Fylke. 1987-1996

| Fylke | Omsorgstiltak | | | | | | Barn med barneverntiltak pr. 1 000 barn 0-17 år |
|------------------|---------------|-------|------------|----------------------|---------------------|---------------------|---|
| | I alt | I alt | Fosterheim | Barneverninstitusjon | Andre omsorgstiltak | Hjelpetiltak | |
| 1987 | 12 147 | 3 795 | 3 167 | 657 | : | 8 352 ¹ | 11,0 |
| 1988 | 12 475 | 4 112 | 3 408 | 732 | : | 8 363 ¹ | 11,3 |
| 1989 | 13 953 | 4 381 | 3 596 | 828 | : | 9 572 ¹ | 12,5 |
| 1990 | 15 337 | 4 836 | 3 948 | 939 | : | 10 502 ¹ | 14,1 |
| 1991 | 17 848 | 5 034 | 4 122 | 971 | : | 12 814 ¹ | 16,6 |
| 1992 | 19 590 | 7 351 | 5 072 | 1 036 | 1 243 | 12 239 ¹ | 18,4 |
| 1993 | 20 532 | 6 018 | 4 641 | 583 | 794 | 14 514 | 19,8 |
| 1994 | 20 699 | 5 350 | 4 267 | 515 | 568 | 15 349 | 19,9 |
| 1995 | 21 142 | 5 095 | 4 216 | 428 | 451 | 16 047 | 20,2 |
| 1996 | 21 505 | 4 845 | 3 981 | 408 | 456 | 16 660 | 20,2 |
| Østfold | 1 436 | 345 | 293 | 22 | 30 | 1 091 | 26,3 |
| Akershus | 1 911 | 329 | 246 | 39 | 44 | 1 582 | 16,7 |
| Oslo | 2 290 | 653 | 547 | 50 | 56 | 1 637 | 23,0 |
| Hedmark | 1 073 | 150 | 134 | 9 | 7 | 923 | 26,3 |
| Oppland | 701 | 110 | 100 | 6 | 4 | 591 | 17,6 |
| Buskerud | 1 081 | 202 | 159 | 14 | 29 | 879 | 20,2 |
| Vestfold | 912 | 262 | 228 | 15 | 19 | 650 | 18,7 |
| Telemark | 900 | 217 | 183 | 25 | 9 | 683 | 23,6 |
| Aust-Agder | 631 | 135 | 117 | 17 | 1 | 496 | 24,9 |
| Vest-Agder | 862 | 210 | 174 | 17 | 19 | 652 | 21,4 |
| Rogaland | 2 102 | 540 | 427 | 55 | 58 | 1 562 | 21,1 |
| Hordaland | 1 834 | 455 | 353 | 38 | 64 | 1 379 | 16,7 |
| Sogn og Fjordane | 416 | 57 | 50 | 7 | - | 359 | 15,2 |
| Møre og Romsdal | 984 | 183 | 130 | 32 | 21 | 801 | 16,3 |
| Sør-Trøndelag | 1 183 | 320 | 255 | 28 | 37 | 863 | 19,0 |
| Nord-Trøndelag | 774 | 143 | 125 | 8 | 10 | 631 | 24,2 |
| Nordland | 1 305 | 261 | 238 | 13 | 10 | 1 044 | 22,2 |
| Troms | 654 | 147 | 113 | 4 | 30 | 507 | 17,5 |
| Finmark | 456 | 126 | 109 | 9 | 8 | 330 | 23,8 |

¹ Medrekna barn med uoppgjeve tiltak.
Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

Figur 5.1. Barn med barneverntiltak pr. 1 000 barn 0-17 år. Fylke. 31. desember 1996



Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

Hjelpetiltaka utgjorde over tre firedelar (77 prosent) av tiltaka, med 16 660 av 21 505 barneverntiltak ved slutten av året. Av omsorgstiltaka var fosterheimsplassering det vanligaste tiltaket.

Besøksheim og støttekontakt mest nytta

At besøksheim og støttekontakt var vanlege typar tiltak i Hedmark, syner tabell 5.2. Ein tredel av dei 1 583 tiltaka var tilbud om støttekontakt og/eller besøksheim. Fosterheim og barnehageplass var òg ofte blant tiltaka som vart nytta pr. 31. desember 1996. For barna under 18 år var det anten barnehage, besøksheim/avlastningsheim eller støttekontakt som vart mest nytta. Økonomisk stønad var det tiltaket som var vanligast for personar mellom 18 og 20 år (tala her inkluderer òg dei med uoppgeve alder).

Til saman 1 583 tiltak var i bruk for 1 073 personar under 20 år på slutten av 1996. Kvar barn kan ha eitt, to eller fleire tiltak, slik at det vil vere kombinasjonar av tiltak for nokre av barnevernklientane.

26 av 1 000 barn 0-17 år med tiltak i Hedmark

Hedmark låg over landsgjennomsnittet på barn med barneverntiltak pr. 1 000 barn 0-17 år ved slutten av året i 1996. Tallet for Hedmark var 26 pr. 1 000, medan talet for landet var 20. Dette syner tabell 5.3. Innanfor fylket finn vi store variasjonar: Grue med 44,0 barn med barneverntiltak pr. 1 000 barn 0-17 år og Åsnes med 11,3.

Rundt 1 400 Hedmark-barn mottok barneverntiltak i løpet av 1996. Nær 87 prosent av desse tiltaka var hjelpetiltak. På slutten av året var 1 070 barn under tiltak,

5.2. Barn med barneverntiltak 31. desember, etter alder og tiltak. Hedmark. 1996




| Tiltak | Alder | | | | | |
|--|--------------|-----------|------------|------------|------------|---------------|
| | I alt | 0-1 år | 2-5 år | 6-12 år | 13-17 år | 18 år og over |
| Barn i alt | 1 073 | 36 | 207 | 452 | 335 | 43 |
| Tiltak i alt¹ | 1 583 | 52 | 317 | 658 | 497 | 59 |
| Økonomisk stønad | 158 | 4 | 26 | 53 | 60 | 15 |
| Barnehage | 167 | 9 | 117 | 41 | - | - |
| Støttekontakt | 235 | 7 | 13 | 122 | 86 | 7 |
| Tilsyn | 39 | 2 | 6 | 16 | 14 | 1 |
| Besøksheim/avlastningsheim | 301 | 9 | 72 | 153 | 63 | 4 |
| Heimkonsulent/avlastning i heimen | 85 | 6 | 29 | 37 | 12 | 1 |
| Avlastningsinstitusjon | 8 | - | 1 | 4 | 3 | - |
| Fritidsaktivitetar | 158 | - | 2 | 81 | 75 | - |
| Utdanning/arbeid | 7 | - | 1 | - | 4 | 2 |
| Bustad | 8 | 1 | - | 1 | 4 | 2 |
| Foreldre-/barneplassar (inkl. mødreheim) | 6 | 2 | - | 1 | 1 | 2 |
| Medisinsk undersøking og behandling | 1 | - | - | - | 1 | - |
| Behandling av barn med særlege behandlings- og opplæringsbehov ... | 3 | - | - | - | 3 | - |
| Beredskapsheim | 7 | 1 | 2 | 1 | 3 | - |
| Fosterheim (utanom familien) | 99 | 1 | 12 | 37 | 40 | 9 |
| Fosterheim (familieplassering) | 46 | 1 | 5 | 13 | 24 | 3 |
| Forsterka fosterheim | 47 | 1 | 1 | 19 | 24 | 2 |
| Barneverninstitusjon | 24 | - | - | - | 22 | 2 |
| Bu-/arbeidskollektiv | 6 | - | - | - | 3 | 3 |
| Rusmiddelinstitusjon | - | - | - | - | - | - |
| Barne- og ungdomspsykiatrisk institusjon | 1 | - | - | - | - | 1 |
| Psykiatrisk institusjon/avdeling | - | - | - | - | - | - |
| Andre tiltak | 177 | 8 | 30 | 79 | 55 | 5 |

¹ Kvar barn kan ha fleire tiltak. Summen av tiltak er derfor større enn barn i alt.

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

Figur 5.2. Bruk av nokre barneverntiltak, etter alder. Hedmark. 31. desember 1996. Prosent



Hjelpetiltak kan t.d. vere økonomisk stønad, barnehage, støttekontakt, tilsyn, besøksheim/avlastningsheim, heimkonsulent, avlastningsinstitusjon, foreldre-/barnplassar (mødreheim), poliklinisk behandling i barne- og ungdomspsykiatrisk institusjon, hjelp til bolig mv. Barn kan bli plasserte utanfor heimen - t.d. fosterheim - utan at ein må treffe vedtak om å ta omsorga. Ei slik plassering etter BVL paragraf 4-4 femte ledd, vil då vere eit hjelpetiltak.

Omsorgstiltak er tiltak heimla i paragraf 4-12 som t.d. beredskapsheim, fosterheim, barne-/ungdomsheim, bu-/arbeidskollektiv, rusmiddelinstitusjon, barne- og ungdomspsykiatrisk institusjon, psykiatrisk institusjon eller andre omsorgstiltak utanfor heimen.

alderen 0 til og med 17 år. Samstundes var det 3,0 ledige stillingar i barneverntenesta i fylket.

Alle stillingar er rekna om til heile stillingar/årsverk pr. 31. desember 1996.

og framleis utgjorde hjelpetiltaka hovudtyngda av barneverntiltaka.

Høgt utdanna personale

Ved slutten av 1996 var det i Hedmark 84,1 bemanna stillingar i den kommunale barneverntenesta (jf. tabell 5.4). Dette utgjorde 2,2 tilsette pr. 1 000 innbyggjarar i

Av dei 84,1 stillingane var dei fleste tilsette personar med høgskole- eller universitetsutdanning. Medan sosionomar og barnevernpedagogar fylde om lag 21 og 33 årsverk kvar, stod tilsette med anna høgskole- eller universitetsutdanning for nær 15 årsverk.

Flest gutar med barneverntiltak

Det var flest gutar innom barnevernet i løpet av 1996. På landsbasis var det på slutten av året 12 000 gutar med barneverntiltak, medan det på same tid var 9 500

5.3. Barn med barneverntiltak i løpet av året og på slutten av året, etter tiltak og kommune. 1996

| Kommune | I løpet av året | | | På slutten av året | | | Barn med barneverntiltak pr. 1 000 barn 0-17 år |
|----------------------|-----------------|---------------|--------------|--------------------|---------------|--------------|---|
| | I alt | Omsorgstiltak | Hjelpetiltak | I alt | Omsorgstiltak | Hjelpetiltak | |
| Heile landet | 28 592 | 5 905 | 22 687 | 21 505 | 4 845 | 16 660 | 20,2 |
| Hedmark i alt | 1 407 | 183 | 1 224 | 1 073 | 150 | 923 | 26,3 |
| Kongsvinger | 162 | 26 | 136 | 136 | 23 | 113 | 37,1 |
| Hamar | 142 | 18 | 124 | 132 | 18 | 114 | 23,6 |
| Ringsaker | 284 | 35 | 249 | 195 | 25 | 170 | 26,0 |
| Løten | 57 | 4 | 53 | 35 | 4 | 31 | 20,9 |
| Stange | 121 | 13 | 108 | 86 | 5 | 81 | 21,3 |
| Nord-Odal | 51 | 7 | 44 | 39 | 7 | 32 | 40,5 |
| Sør-Odal | 44 | 10 | 34 | 31 | 10 | 21 | 20,2 |
| Eidskog | 63 | 7 | 56 | 44 | 6 | 38 | 34,3 |
| Grue | 49 | 2 | 47 | 47 | 2 | 45 | 44,0 |
| Åsnes | 33 | 5 | 28 | 18 | 5 | 13 | 11,3 |
| Våler | 28 | 5 | 23 | 17 | 4 | 13 | 22,2 |
| Elverum | 118 | 27 | 91 | 110 | 24 | 86 | 27,6 |
| Trysil | 43 | 5 | 38 | 29 | 4 | 25 | 19,8 |
| Åmot | 41 | 6 | 35 | 20 | 2 | 18 | 23,3 |
| Stor-Elvdal | 35 | - | 35 | 28 | - | 28 | 41,3 |
| Rendalen | 11 | 4 | 7 | 7 | 4 | 3 | 16,3 |
| Engerdal | 13 | - | 13 | 9 | - | 9 | 28,5 |
| Tolga | 17 | 2 | 15 | 15 | 2 | 13 | 29,8 |
| Tynset | 46 | 4 | 42 | 41 | 4 | 37 | 31,6 |
| Alvdal | 27 | 1 | 26 | 17 | 1 | 16 | 29,3 |
| Folldal | 8 | 2 | 6 | 7 | - | 7 | 15,5 |
| Os | 14 | - | 14 | 10 | - | 10 | 18,3 |

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

5.4. Årsverk i barneverntenesta pr. 31. desember. Kommune. 1996



| Kommune | Stillingar i alt | Herav engasjementstillingar | Tilsette etter utdanning | | | | | | Ledige stillingar | Tilsette pr. 1 000 innbyggjarar 0-17 år |
|----------------------|------------------|-----------------------------|--------------------------|-------------|---------------------|---|------------------------------|--------------------------|-------------------|---|
| | | | I alt | Sosionomar | Barnevern-pedagogar | Anna høgskule-/ universitets- utdanning | Kontor-/ merkantil utdanning | Anna utdanning/ ufaglært | | |
| Hedmark | 87,1 | 2,2 | 84,1 | 21,1 | 32,6 | 14,9 | 3,3 | 12,2 | 3,0 | 2,2 |
| Kongsvinger | 10,0 | - | 9,0 | 1,0 | 4,0 | 1,0 | - | 3,0 | 1,0 | 2,6 |
| Hamar | 9,0 | - | 9,0 | 2,0 | 4,0 | 3,0 | - | - | - | 1,7 |
| Ringsaker | 15,3 | - | 15,3 | 5,0 | 4,0 | 2,5 | 1,0 | 2,8 | - | 2,2 |
| Løten | 4,0 | - | 4,0 | 1,0 | 2,0 | - | - | 1,0 | - | 2,5 |
| Stange | 6,9 | - | 6,9 | 1,5 | 3,0 | 1,0 | - | 1,4 | - | 1,8 |
| Nord-Odal | 3,8 | - | 3,8 | 2,0 | 1,0 | - | 0,8 | - | - | 4,1 |
| Sør-Odal | 2,0 | - | 2,0 | - | - | 1,0 | - | 1,0 | - | 1,4 |
| Eidskog | 5,9 | - | 4,9 | 1,0 | 1,0 | 0,4 | 0,5 | 2,0 | 1,0 | 3,8 |
| Grue | 2,0 | - | 2,0 | - | 2,0 | - | - | - | - | 2,1 |
| Åsnes | 3,6 | - | 3,6 | 0,6 | - | 3,0 | - | - | - | 2,4 |
| Våler | 2,0 | - | 2,0 | 1,0 | 1,0 | - | - | - | - | 2,6 |
| Elverum | 10,0 | 2,0 | 10,0 | 1,0 | 6,0 | 2,0 | 1,0 | - | - | 2,6 |
| Trysil | 2,0 | - | 2,0 | - | 2,0 | - | - | - | - | 1,4 |
| Åmot | 2,0 | - | 2,0 | 1,0 | - | 1,0 | - | - | - | 2,5 |
| Stor-Elvdal | 2,0 | - | 2,0 | 1,0 | - | - | - | 1,0 | - | 3,3 |
| Rendalen | 0,5 | - | 0,5 | 0,5 | - | - | - | - | - | 1,2 |
| Engerdal | 1,0 | - | 1,0 | 1,0 | - | - | - | - | - | 3,2 |
| Tolga | 0,8 | - | 0,8 | - | 0,8 | - | - | - | - | 1,7 |
| Tynset | 2,0 | - | 1,0 | 1,0 | - | - | - | - | 1,0 | 0,8 |
| Alvdal | 1,0 | - | 1,0 | 0,5 | 0,5 | - | - | - | - | 1,7 |
| Folldal | 0,5 | - | 0,5 | - | 0,5 | - | - | - | - | 1,3 |
| Os | 0,8 | 0,2 | 0,8 | - | 0,8 | - | - | - | - | 1,6 |

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

5.5. Barn med barneverntiltak i løpet av året og på slutten av året. Tal for kjønn og alder. Absolutte tal og pr. 1 000 barn 0-17 år. Heile landet. 1996



| | I løpet av året | | På slutten av året | |
|------------------------------------|-----------------|-------------|--------------------|-------------|
| | Absolutte tal | Pr. 1 000 | Absolutte tal | Pr. 1 000 |
| Alle | 28 592 | 26,1 | 21 505 | 20,2 |
| Kjønn | | | | |
| Gutar | 16 168 | 29,0 | 12 022 | 22,1 |
| Jenter | 12 783 | 23,8 | 9 469 | 18,2 |
| Uoppgjeve | 19 | - | 14 | - |
| Alder | | | | |
| 0 år | 312 | 5,1 | 260 | 4,3 |
| 1 " | 692 | 11,4 | 559 | 9,2 |
| 2 " | 1 031 | 17,1 | 806 | 13,3 |
| 3 " | 1 376 | 22,8 | 1 099 | 18,2 |
| 4 " | 1 593 | 26,1 | 1 307 | 21,4 |
| 5 " | 1 844 | 29,8 | 1 482 | 23,9 |
| 6 " | 1 894 | 30,6 | 1 470 | 23,7 |
| 7 " | 1 783 | 29,6 | 1 192 | 19,8 |
| 8 " | 1 548 | 26,5 | 1 225 | 21,0 |
| 9 " | 1 596 | 28,9 | 1 252 | 22,7 |
| 10 " | 1 594 | 29,5 | 1 185 | 22,0 |
| 11 " | 1 589 | 30,2 | 1 259 | 23,9 |
| 12 " | 1 567 | 30,1 | 1 189 | 22,9 |
| 13 " | 1 581 | 30,7 | 1 219 | 23,6 |
| 14 " | 1 667 | 31,6 | 1 313 | 24,9 |
| 15 " | 1 822 | 34,7 | 1 365 | 26,0 |
| 16 " | 1 862 | 35,2 | 1 279 | 24,2 |
| 17 " | 1 707 | 32,0 | 1 235 | 23,2 |
| 18 år og over eller uoppgjeve | 1 912 | - | 809 | - |

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

jenter med tiltak. Tala i tabell 5.5 syner at på landsbasis mottok 22,1 pr. 1 000 gutar 0-17 år og 18,2 pr. 1 000 jenter 0-17 år barneverntiltak ved utgangen av 1996.

Ungdomar i tenåra var hyppigast representerte blant barna med barneverntiltak i løpet av året, sett pr. 1 000 barn i landet i same alder. Hovudtendensen er aukande inngripnad frå barnevernet samstundes med aukande alder på barnet. Unnataket er ein "topp" i intervallet 5-7 år og ein markert nedgang frå 16 til 17 år. Tala ved utgangen av året syner det same, men her låg delen 11-åringar også ganske høgt i 1996, med 23,9 pr. 1 000 11-åringar. Flest barn med barneverntiltak finn ein generelt på aldersstega 15 og 16 år, det vil seie ved overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande skole.

14 100 avslutta undersøkingssaker

Barneverntenesta har rett og plikt til å starte ei undersøking når det er rimeleg grunn til å tru at barn lever under slike høve at det kan bli aktuelt med tiltak etter lov om barneverntjenester. Undersøkingane baserer seg på skriftlege eller munnlege meldingar til barneverntenesta.

I alt 14 100 undersøkingssaker vart avslutta i 1996, det vil seie 14,5 undersøkingssaker pr. 1 000 barn i landet (jf. tabell 5.6). Litt meir enn halvparten av sakene gjaldt gutar.

Konklusjonen viste seg oftast å vere eit vedtak etter barnevernlova. Av dei undersøkingssakene som vart avslutta, vart konklusjonen i vel halvparten av sakene at

5.6. Undersøkingssaker avslutta, etter konklusjon og kjønn, alder og fylke. 1996



| | Konklusjon | | | | Undersøkingssaker pr. 1 000 barn 0-17 år |
|------------------------------------|----------------------------|-------------------|---------------------------|------------|--|
| | Undersøkingssaker avslutta | Vedtatt etter BVL | Lagt bort/råd/rettledning | Uoppgeve | |
| I alt | 14 113 | 7 219 | 6 595 | 299 | 14,5 |
| Kjønn | | | | | |
| Gutar | 7 701 | 3 991 | 3 534 | 176 | 15,4 |
| Jenter | 6 396 | 3 223 | 3 050 | 123 | 13,6 |
| Uoppgeve | 16 | 5 | 11 | - | - |
| Alder | | | | | |
| 0- 1 år | 1 084 | 650 | 413 | 21 | 10,4 |
| 2- 5 år | 3 294 | 1 815 | 1 421 | 58 | 14,1 |
| 6-12 år | 5 043 | 2 592 | 2 334 | 117 | 13,6 |
| 13-17 år | 4 308 | 2 014 | 2 196 | 98 | 17,1 |
| 18 år og over eller uoppgeve | 384 | 148 | 231 | 5 | - |
| Fylke | | | | | |
| Østfold | 709 | 318 | 378 | 13 | 14,1 |
| Akershus | 1 198 | 620 | 537 | 41 | 11,4 |
| Oslo | 1 396 | 638 | 731 | 27 | 15,5 |
| Hedmark | 570 | 346 | 215 | 9 | 15,6 |
| Oppland | 439 | 271 | 162 | 6 | 12,9 |
| Buskerud | 738 | 347 | 377 | 14 | 14,4 |
| Vestfold | 803 | 366 | 421 | 16 | 17,4 |
| Telemark | 570 | 301 | 259 | 10 | 16,8 |
| Aust-Agder | 314 | 206 | 102 | 6 | 13,0 |
| Vest-Agder | 517 | 276 | 236 | 5 | 14,1 |
| Rogaland | 1 054 | 515 | 505 | 34 | 11,9 |
| Hordaland | 1 649 | 597 | 1 010 | 42 | 15,4 |
| Sogn og Fjordane | 311 | 184 | 123 | 4 | 12,4 |
| Møre og Romsdal | 710 | 409 | 284 | 17 | 12,6 |
| Sør-Trøndelag | 809 | 418 | 372 | 19 | 14,1 |
| Nord-Trøndelag | 508 | 342 | 162 | 4 | 17,1 |
| Nordland | 943 | 536 | 385 | 22 | 19,4 |
| Troms | 584 | 354 | 225 | 5 | 16,5 |
| Finnmark | 291 | 175 | 111 | 5 | 18,7 |

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

det skulle setjast inn barneverntiltak. Resten av sakene vart lagt bort etter at barneverntenesta hadde gjeve familien råd/rettledning.

Nordland hadde flest avslutta undersøkingssaker i 1996, med 19,4 saker pr. 1 000 barn 0-17 år. Akershus og Rogaland hadde færrest saker pr. 1 000 barn 0-17 år med 11,4 og 11,9. Hedmark hadde 15,6 saker. Dette var litt over landsgjennomsnittet.

Hedmark disponerte 0,8 plassar pr. 1 000 0-17-åringar

Tabell 5.7 syner at det var 1 481 plassar til saman i norske barneverninstitusjonar pr. 15. januar 1998. Desse plassane kan disponerast av alle fylka etter avtale; med andre ord, fylka betaler for ei viss mengd plassar som ikkje treng vere lokaliserte i eitt bestemt fylke.

At eit fylke disponerer ein plass i ein barneverninstitusjon betyr ikkje at fylket alltid har eit barn som tek opp plassen. Ein plass er ikkje det same som ein bebuar.

Dei fleste institusjonane har likevel plassane sine knytt til eitt fylke.

Oslo disponerte flest plassar med 313 av 1 481 plassar i barneverninstitusjonar. Dette betyr òg at Oslo hadde flest plassar i forhold til folketallet 0-17 år. Med 3,3 plassar pr. 1 000 barn 0-17 år låg Oslo godt over dei andre fylka. Finnmark følgde som nummer to med 2,0 plassar pr. 1 000 barn 0-17 år. Hedmark, med 0,8 plassar, var eitt av seks fylke med mindre enn ein plass pr. 1 000 barn 0-17 år.

Ungdomsheimar var typen barneverninstitusjon med flest plassar. Ungdomsheimane utgjorde ein tredel av alle plassane, og alle fylka disponerte slike plassar. Berre ni fylke hadde mødreheimar.


Dei 186 barneheimplassane utgjorde 13 prosent av institusjonsplassane.

Ungdomsheimane hadde flest bebuarar

Pr. 15. januar 1998 var det 1 250 bebuarar i barneverninstitusjonane i Noreg. Desse tala finst i tabell 5.8. Gutane talde over 100 fleire enn jentene, og prosentdelen for kjønna var med dette 55 prosent gutar og 45 prosent jenter blant bebuarane.

Ungdomsheimane hadde flest bebuarar, med 33 prosent av totalen. Gutar i ungdomsheimar utgjorde 35 prosent av alle gutane i barneverninstitusjonar, medan

Figur 5.3. Bebuarar i barneverninstitusjonar, etter alder og institusjonstype. Heile landet. Pr. 15. januar 1998. Absolutte tal



Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

5.7. Plassar i barneverninstitusjonar, etter institusjonstype.¹ Fylke. Pr. 15. januar 1998

| | I alt | Barneheim | Ungdomsheim | Barne- og ungdomsheim | Mødreheim | Bu- og arbeidskollektiv | Akuttutgreiingsinstitusjon | Andre institusjonar | Plassar pr. 1 000 barn 0-17 år |
|---------------------------|--------------|------------|-------------|-----------------------|------------|-------------------------|----------------------------|---------------------|--------------------------------|
| Heile landet | 1 481 | 186 | 486 | 178 | 127 | 120 | 179 | 205 | 1,4 |
| Østfold | 89 | - | 37 | 9 | 6 | 3 | 15 | 19 | 1,7 |
| Akershus | 163 | 5 | 49 | 34 | 8 | 15 | 18 | 34 | 1,5 |
| Oslo | 313 | 33 | 86 | 23 | 68 | 28 | 41 | 34 | 3,3 |
| Hedmark | 32 | - | 8 | 8 | - | - | 8 | 8 | 0,8 |
| Oppland | 24 | - | 8 | - | - | - | 16 | - | 0,6 |
| Buskerud | 72 | 21 | 23 | 3 | 3 | 13 | - | 9 | 1,4 |
| Vestfold | 48 | 6 | 19 | - | 6 | 5 | 7 | 5 | 1,0 |
| Telemark | 64 | 19 | 12 | 8 | - | 1 | 15 | 9 | 1,7 |
| Aust-Agder | 41 | 15 | 9 | - | - | 2 | 12 | 3 | 1,7 |
| Vest-Agder | 37 | - | 28 | 8 | - | - | - | 1 | 1,0 |
| Rogaland | 141 | 5 | 21 | 38 | - | 20 | 21 | 36 | 1,4 |
| Hordaland | 132 | 48 | 24 | 2 | 17 | 10 | 16 | 15 | 1,2 |
| Sogn og Fjordane | 19 | - | 12 | 6 | - | - | - | 1 | 0,7 |
| Møre og Romsdal | 54 | 10 | 42 | 1 | - | 1 | - | - | 0,9 |
| Sør-Trøndelag | 87 | 12 | 37 | 19 | 8 | 4 | - | 7 | 1,4 |
| Nord-Trøndelag | 22 | - | 9 | 5 | - | - | - | 8 | 0,7 |
| Nordland | 50 | 6 | 29 | 6 | 6 | 3 | - | - | 0,9 |
| Troms | 57 | 6 | 12 | 8 | 5 | 14 | - | 12 | 1,6 |
| Finnmark | 36 | - | 21 | - | - | 1 | 10 | 4 | 2,0 |

¹ Tal på plassar som fylket disponerer.

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

5.8. Bebuarar i barneverninstitusjonar, etter institusjonstype, kjønn og alder. Heile landet. Pr. 15. januar 1998



| Kjønn og alder | I alt | Barneheim | Ungdomsheim | Barne- og ungdomsheim | Mødreheim | Bu- og arbeidskollektiv | Akuttutgreiingsinstitusjonar | Andre institusjonar |
|---------------------|--------------|------------|-------------|-----------------------|------------|-------------------------|------------------------------|---------------------|
| I alt | 1 246 | 144 | 407 | 153 | 119 | 110 | 137 | 176 |
| 0- 2 år | 133 | 28 | - | - | 85 | - | 5 | 15 |
| 3- 6 " | 83 | 17 | - | 1 | 25 | - | 19 | 21 |
| 7-13 " | 217 | 66 | 20 | 54 | 8 | 3 | 35 | 31 |
| 14-17 " | 684 | 29 | 325 | 81 | - | 81 | 78 | 90 |
| 18-20 " | 129 | 4 | 62 | 17 | 1 | 26 | - | 19 |
| Gutar | 680 | 81 | 235 | 88 | 57 | 54 | 69 | 96 |
| 0- 2 år | 63 | 12 | - | - | 40 | - | 2 | 9 |
| 3- 6 " | 44 | 9 | - | 1 | 14 | - | 8 | 12 |
| 7-13 " | 136 | 41 | 15 | 37 | 3 | 1 | 19 | 20 |
| 14-17 " | 362 | 17 | 184 | 36 | - | 40 | 40 | 45 |
| 18-20 " | 75 | 2 | 36 | 14 | - | 13 | - | 10 |
| Jenter | 566 | 63 | 172 | 65 | 62 | 56 | 68 | 80 |
| 0- 2 år | 70 | 16 | - | - | 45 | - | 3 | 6 |
| 3- 6 " | 39 | 8 | - | - | 11 | - | 11 | 9 |
| 7-13 " | 81 | 25 | 5 | 17 | 5 | 2 | 16 | 11 |
| 14-17 " | 322 | 12 | 141 | 45 | - | 41 | 38 | 45 |
| 18-20 " | 54 | 2 | 26 | 3 | 1 | 13 | - | 9 |

Kjelde: Sosialstatistikk, SSB.

30 prosent av alle jentene i barneverninstitusjonar var bebuarar på ungdomsheimar. Elles var jentene relativt jamt fordelte over institusjonstypene. For gutane var barne- og ungdomsheim den nest vanlegaste institusjonsbustaden ("andre institusjonar" har ein sett bort ifrå).

Aldersmessig var 14-17-åringane i fleirtal blant bebuarane. 684 av 1 246, eller 55 prosent, var i denne aldersgruppa, som utgjorde under ein femdel av det samla aldersspennet. Aldersgruppa 7-13 år talde 217 bebuarar. Aldersgruppa 14-17 år utgjorde hovudtyngda for begge kjønn, med høvesvis 53 prosent av gutane og 57 prosent av jentene.

Kapittel 1360 i kommunerekneskapane, "Tiltak innanfor barne- og ungdomsvernet", dekkjer blant anna utgifter til barneheimar, fosterheimar, barnevernskuratorar, ettervern, støttekontaktar, for å nevne noko. Føringa av driftsutgifter og lønsutgifter gjev rom for kommunale variasjonar og dermed vanskar med samanlikningar. Korrigerte tal finst i faktaarka "Kommunens økonomi og tjenesteproduksjon" og i *NOS Kommune-Norge i tall* frå SSB. *NOS Strukturaltall for kommunenes økonomi* kan òg konsulterast om økonomiske tal er ønskjeleg. Publikasjonane gjer greie for styrke og veikskap ved tala.

B Returadresse:
Statistisk sentralb
Postboks 8131 De
N-0033 Oslo

Publikasjonane kan tingast frå:

Statistisk sentralbyrå
Salg- og abonnementservice
2225 Kongsvinger

Telefon: 62 88 55 00
Telefaks: 62 88 55 95



Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway